



OM GODKJENNING AV Vg2 I UTLANDET

Vg2 i utlandet kan bli godkjend ut frå reglane som går fram av rundskrivet Udir-6-2012. Skuleåret til utlandet må vere slik at det kvalifiserer til Vg3, og at det oppfyller vitnemålskrava.

Registrering i Vigo

Fristen for å søkje studieplass på www.vigo.no er 1. mars. Du skal søkje plass som Vg2 elev på Sandsli. Skulen registrerer deg som «elev i utlandet» i starten av det skuleåret du tar Vg2 i utlandet.

Du må også søkje skuleplass til Vg3 på www.vigo.no innan 1. mars i utvekslingsåret. Legg merke til at du ikkje har prioritet for å komme inn på ein bestemt skule eller klasse.

Fag- og vitnemålskrav

Du må ha matematikk tilsvarande programfaget 2P, S1 eller R1. Viss du ikkje tar matematikk i utlandet, må du ta faget som privatist i løpet av Vg3.

Du må halde fram med framandspråk frå Vg1 mens du er i utlandet for å kunne få det godkjend på vitnemålet. Viss du er i eit engelsktalande land og du ikkje har eit anna framandspråk, må du ta faget som privatist i løpet av Vg3.

Du får godkjend norsk og historie Vg2, men du er sjølv ansvarleg for å lese lærestoffet i Vg2 i utlandet. På avsluttande eksamen i Vg3 i begge faga kan du bli prøvd i lærestoff frå alle åra du har hatt faga.

Du må velje minst tre fag som tilsvarar programfag i Vg2. Minst to av dei må kunne vidareførast til Vg3. Desse to faga skal vere innan det same programområdet.

Kontakt med skulen for godkjenning av fag

Det er ingen automatisk godkjenning. Så snart du har valt fag i utlandet, skal du ta kontakt med rådgjevar Tone.Gardsjord@hfk.no eller assisterande rektor Silvia.Rovira@hfk.no for rådgjeving. Viss du ikkje tar kontakt, kan vi ikkje garantere at faga du vel oppfyller vitnemålskrava.

Kompetansebevis med fagkarakter og bestått skuleår skal leverast til rektor på den skulen du er tatt inn i Vg3. Rektor avgjer om året i utlandet kan godkjennast som Vg2. Det er du sjølv som har ansvar for å ta vare på dokumentasjon frå utvekslingsåret.

Avbrot av skuleår i utlandet

Avbryt du skulegangen i utlandet før skuleåret er over, kan ikkje Vg2 bli godkjend, men rådgjevar på skulen kan hjelpe deg med å søkje om utvida ungdomsrett til å fullføre vidaregåande.

Dette brevet kan brukast i samband med søknad om stipend og lån fra Lånekassen.

Januar 2018

Silvia Rovira

Assisterande rektor